

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 19.05.2016

I samband med RS 90/16 «Handsaming av overtalssaker våren 2016» bad **Aud Karin Oen (SV)** om at fylkesutvalet får ytterlegare informasjon om korleis fylkeskommunen handterer dei som er overtalige. Fylkesrådmannen stadfesta at slik orientering vil verte gjeve på eit seinare tidspunkt.

I samband med RS 81/16 «Asfaltprogrammet fylkesveggar 2016», inviterte **Nils Marton Aadland (H)** til eit samarbeid om å auke potten til asfaltprogrammet i neste års budsjett. Med dagens tempo (60 km ny asfalt i 2016), vil det ta om lag 50 år å få nyasfaltert alle fylkesvegane. Dette vil vere uheldig m.o.t. både tryggleik og framkomst.

I samband med RS 73/16 «Svar på oversending - statens evaluering av superbussprosjektet» viste **Silje Hjemdal (Frp)** til handlingsprogrammet for Bergensprorgammet og etterspurde status for utbetring av haldeplassar slik at dei kan passe for superbussar. Fylkesrådmannen opplyste mellom anna at pga. bussane sin avgrensa trekkraft, vil dette avgrense kvar bussane kan gå. Han vil kome tilbake med orientering om trekkraft og haldeplassar i eit seinare møte.

I samband med RS 87/16 «Meld. St. 25 (2015-2016) Kraft til endring - energipolitikken mot 2030» påpeikte **Mona Røsvik Strømme (H)** at det er viktig at konsesjonskraftregimet vert oppretthalde.

I samband med RS 87/16 sette **Roald Kvamme (A)** fram slikt oversendingsforslag til fylkesordføraren:

«Fylkesutvalet ber om at det vert utarbeidd eit brev med innspel til Stortinget si handsaming av energimeldinga «Kraft til endring - energipolitikken mot 2030». Brevet skal belysa konsekvensar for Hordaland av forslaga i meldinga.»

### Røysting

Det var 14 representantar til stades.

Kvamme sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

I samband med RS 93/16 «Oppdatering av kriteriet «Innbyggjar busette spreitt» - utkast til svarbrev» påpeikte **Roald Kvamme (A)** at den skisserte endringa vil ramme Hordaland fylkeskommune hardt økonomisk. Han oppmoda medlemene i fylkesutvalet om å følgje opp dette m.a. overfor sentrale stortingspolitikarar.

I samband med RS 91/16 «Hordaland fylkeskommune sin innsats for å styrke dei tilsette sin yringsfridom» stilte **Tom Sverre Tomren (MDG)** spørsmål ved om notatet gjev gode nok svar på bestillinga frå statsråden. Fylkesrådmannen viste til Hordaland fylkeskommune sine etiske retningslinjer og orienterte om korleis yringsfridom for tilsette vert praktisert i fylkeskommunen.

I samband med RS 78/16 «Prøveordning om utbygging av gang- og sykkelveggar på kommunalt og fylkeskommunalt vegnett etter forenkla standard» spurde **Anne Beth Njærheim (V)** om korleis slike prosjekt kan gjerast billegare. Fung. fylkesordførar opplyste at KS vil arrangere ein konferanse om vegstandardar til hausten.

I samband med RS 75/16 «Eventuell bygging av ny fylkesveg Åsen - Helleskaret i Os kommune» påpeikte **Benthe Bondhus (Sp)** at sjølv om det er positivt at ressursar på staden vert brukt til uprioriterte prosjekt, bør ein sjå alle prosjekta i samanheng.